



**Onsdag kveld skal Uskedal Båtlag ha omframnt årsmøte, men det ligg ikkje nokon form for dramatikk i det.**

Grunnen til at det må haldast eit slikt møte er dieselsalet. For at laget skal kunne selja diesel til medlemmer og besøkjande må det registrerast eit organisasjonsnummer i Brønnøysund og det er også eit krav at salet er nedfelt i vedtektene, seier revisor Knut Sjøwall til uskedalen.no

Under det ordinære årsmøtet i vår, der det vart samrøystes bestemt at laget skal halda fram med dieselsal, vart det opplyst at det i fjor gav ein netto på 24.000 kroner etter sal av 40.000 liter. Det vart då sagt at salet er ein stor fordel for medlemmene, auker besøket og også styrker SPAR.

Det skal også skje ei lita justering av vedtektene med omsyn til styrevalet.

Sjøwall finn det i tillegg naturleg at styret gjev ei orientering om det som er skjedd sidan det ordinære årsmøtet når det gjeld reparasjonane og opprustinga etter stormen i vinter. No er dei nye bølgebrytarane på plass og ligg utruleg støtt på vatnet!

Som mange vil ha registrert har båtlaget no også fått eiga heimeside her på uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen